



# Øystre Slidre kommune

---



## 2.tertial rapport 2025

Framlagt av kommunedirektøren 13.okt. 2025

## 10 på topp hovudprioriteringar

Økonomiplanen utgjer handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. I arbeidet med å nå visjonen om at fleire skal få oppleve rein naturglede vil kommunestyret leggje følgjande konkrete mål til grunn, jf. samfunnsdelen av kommuneplanen:

- Innbyggartalet skal haldast på dagens nivå og minst auke med 1% i året i gjennomsnitt.
- Tal deltidsinnbyggjarar skal auke med minst 1 % i året.
- Tal gjestedøgn skal doblast innan 2035.

Dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden 2025-2028 følger nedanfor. Utviklingsområda er ei oppfølging av samfunnsdelen av kommuneplanen, og vil verte prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmidlar i planperioden. Kommunestyret blir med dette orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda ved 2. tertial 2025:

### **Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023.**

Sjukefråværet andre tertial er det lågaste vi har hatt i same periode dei siste fire åra (ned 0,6 prosentpoeng frå 2024). Om vi skal samanlikne med målet om tre prosentpoeng sidan 2023, er talet 1,9 prosentpoeng lågare enn andre tertial 2023. Arbeidsmiljø har fokus i heile organisasjonen. Det vart m.a. gjennomført eit to-dagars leiarseminar for leiarar med personalansvar i august.

### **Vi skal gjennomføre tiltaka i plan for rekruttering.**

Kommunestyret vedtok i februar plan for styrka rekruttering. Vi er allereie godt i gang med å gjennomføre fleire av tiltaka i rekrutteringsplanen, som t.d. meir bruk av sosiale media, oppstart av video i annonser, samarbeid med NAV og karrieresenter og bruk av ungdom som stogovakter. I tillegg har vi større bevisstheit rundt intern rekruttering, har utarbeida ulike malar m.a. intervju, referanseintervju og rutinar for oppfølging i prøvetid. Vidare er det utarbeida informasjonsmateriell for nyttilsette og er i gang med arbeidet med ein arbeidsgjevarstrategi.

Vi opplever eit større søkjargrunnlag til stillingane våre, men det er for tidleg å konkludere med at dette er ein følgje av tiltaka frå rekrutteringsplanen.

I tillegg til tiltaka i planen deltek to medarbeidarar på eit omfattande kurs i KS-regi om strategisk rekruttering.

### **Vi skal i planperioden gjennomføre tiltaka i oppvekstplanen som gir barn og unge ein trygg og god oppvekst i kommunen.**

I løpet av planperioden er det gjennomført mange kompetansehevande tiltak innanfor foreldrerettlegg, relasjonskompetanse og samhandling. Strukturane for samhandling ser ut til å ha fått betre effekt ved at vi får inn fleire saker i innsatsteam, barnehagehelseteam og skulehelseteam. Desse

teama er sett saman at representantar frå barnehage, skule og helse og målet er at familiar som har behov for hjelp får rett hjelp til rett tid.

Læringsmiljøprosjektet har starta opp ute i tenestene hausten 2025. Vi arbeider for brei involvering både frå skule, barnehage, kultur og helse. Vi møter positiv interesse for prosjektet. Læringsmiljøprosjektet vidareutviklar mange av tiltaka som ligg i handlingsdelen i oppvekstplanen.

Ungdomsklubben har opna meir opp ein fredag i månaden, med eit organisert innhald. Det blir arbeid vidare med å finne det tilbodet ungdommane ynskjer seg. Foreldre bidreg i nattravnordninga og er ei viktig rolle å oppretthalde.

**Vi vil innan 2026 greie ut verknadene av mogleg endra skulestruktur, med vekt på verknad for læringsmiljø, læring og lokalsamfunn. Vi skal sikre brei medverknad frå FAU, tilsette m.fl. i arbeidet.**

Planen for gjennomføring av utgreiing av mogleg endra skulestruktur er ute på høyring. I utarbeiding av planen har tillitsvalde, FAU-leiarane og kommunestyrekomiteen vore involvert. Målet er å ha klar ei arbeidsgruppe og sikre lik forståing av oppdraget i løpet av desember 2025, og starte arbeidet i arbeidsgruppa tidleg i 2026.

**Vi skal i løpet av 2025 revidere arealdelen av kommuneplanen og i den samanhengen ta i bruk arealrekneskap som metode i arealforvaltninga.**

Arealdelen av kommuneplanen har vore på full 2. gongs der det kom inn 64 høyringsinnspel. Desse er no til handsama i formannskapet. Det har låge føre 20 motsegn, 19 frå Statsforvaltaren og ei motsegn frå Mattilsynet. Vi har hatt møte med Statsforvaltaren og Mattilsynet med sikte på å løyse motsegnene, og konkrete forslag til løysingar på desse var vore på ei avgrensa 3. gongs høyring. Innspel frå berørte grunneigarar er handsama i formannskapet. Det står att å handsama 14 høyringssvar knytt til høyring om føresegnar om vern av drikkevassressursen og tiltak for å løyse motsegna frå Statsforvaltaren om manglande reinsekapasitet på avløp. Om dei attverande motsegnene vert løyst, kan arealdelen av kommuneplanen slutthandsamast i formannskapet og kommunestyret i løpet av året.

**Vi skal i løpet av 2026 gjere ferdig friområdet Furustrand som sentral møtestad, aktivitets- og friluftsområde for alle, uavhengig av funksjonsnivå.**

Ny tilkomstveg med fortau vart gjennomført sumaren 2025.

Prosjektering av bryggeanlegg med badstubbygg og oppgradering av kioskbygg med nye toaletter og lagerhall for båtutstyr er under prosjektering. Beitostølen Helsesportsenter medvirker til prosjektering for god universell utforming av anlegget. Vi er også i søkjarprosess for bryggeanlegget kring tilskott for "nærmiljøanlegg vassaktivitetar". Anbudsprosessen vil bli gjennomført i 2025. Kioskbygg, toalett og lager føreset vi skal vere ferdigstilt til badesesongen 2026. Vi har mål om at bryggeanlegget skal vert ferdig i løpet av 2026.

**Vi skal i løpet av 2026 vedta ein strategi for areala og bygningane på Løken gard og bidra til høg aktivitet ved nasjonalt senter for fjellandbruk.**

Vi vil lage strategien for areal og bygningar på Løken etter at arealdelen av kommuneplanen er vedteken i samråd med Nasjonalt senter for fjellandbruk. Senteret ved dagleg leiar og styret er trekt inn i arbeidet med arealstrategien for Løken gard, og vi gjennomfører dei tiltaka senteret ønskjer innafor

budsjettramma vi har. Kommunen har sett av 300 000 over eigeidomsskatt-inntekten til eit samararbeidstiltak for å redusere konflikten mellom beitenæringa og anne bruk av utmarka. Senteret søker og tilleggsfinansiering til tiltaket, og tiltaket vil bli gjennomført i 2026.

**Vi skal aktivt ønske velkomen nye arbeidsplassar og ta positivt i mot nye initiativ, der vi ser moglegheiter og ikkje begrensingar. Vi skal heie på alle eksisterande arbeidsplassar og bidra med legge til rette og sjå moglegheiter.**

Alle som tek kontakt med kommuneadministrasjonen med forslag om sikring eller utviding av eksisterande verksemd eller etablering av ny verksemd vert ønska velkommen og følgd opp.

Vi vil ved revidering av ny arealdel av kommuneplanen sikre at nye næringsareal vert tilgjengelege. Motsegna knytt til næringsområdet på Mørken er løyst. Vi har inngått avtale om overtaking av grunn for utviding av næringsområdet på Raudbrøtmoen og har varsla oppstart av reguleringsplan for dette området. Det er særskilt viktig for etablerte verksemder å kunne utvide arealet sitt der, samstundes som vi får næringsareal å tilby for verksemder som vil etablere seg i kommunen.

Vi vil i oktober gjennomføre ei undersøking om næringsvenleg kommune som del av eit regionalt prosjekt i Valdres. Undersøkinga vil gå til næringsdrivande, politikarar og medarbeidarar i administrasjonen. Undersøkinga vil gje eit grunnlag for å utvikle næringsarbeidet regionalt og lokalt.

Vi samarbeider med Valdres Næringshage for utvikling av eksisterande verksemder og etablering av nye verksemder. Får vi spørsmål om etablering av ny verksemd, opprettar vi dialog med Valdres Næringshage, som tek tak i det som går på sjølve etableringa, medan kommunen føl opp i høve plassering av verksemda og ev. utbyggingar. Vi planlegg eit møte med Næringshagen for å kunne skape eit endå betre opplegg for dette, slik at vi nyttar kvarandre på best mogleg måte.

**Vi skal invitere til Rein naturglede gjennom m.a. å:**

- **vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå**
- **sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper mv. gjennom selskapet Beitostølen Fellesgoder AS.**

Arbeidet med å utvikle Beitostølen og Øystre Slidre til det best tilrettelagde reisemålet i Noreg held fram med god framdrift og auka kapasitet i 2025. Prosjektet er organisert gjennom INKLU, med deltaking frå Beitostølen Helse- og idrettsenter, Beitostølen Utvikling, Visit Valdres, Valdres Natur- og Kulturpark og Øystre Slidre kommune. Prosjektet har fått nasjonal merksemd, og i september vart det signert ein oppdragsavtale med Access Norway, med ei ramme på 400 000 kroner, for utvikling av ei ny verktøykasse for tilgjengelegheit. Denne skal gjere det enklare for både bedrifter og destinasjonar å arbeide systematisk med tilrettelegging, og set prosjektet i førarsetet nasjonalt på dette området.

INKLU har òg hatt ei tydeleg nasjonal synlegheit. I august deltok kommunen og BHSS på Arendalsuka, som gav både inspirasjon og ny kunnskap, og bidrog til å posisjonere Øystre Slidre og Beitostølen som leiande på inkluderande reiseliv.

Pilotgruppa med verksemder i kommunen og Valdres er no godt i gang. Det er gjennomført fire samlingar så langt, der verksemdene har fått auka innsikt og eit felles kompetanseløft. No arbeider dei med å teste element frå verktøykassa og setje opp tiltaksplanar. INKLU har fått økonomisk støtte frå Innlandet fylkeskommune til eit hovudprosjekt i 2026. Målet er å implementere tiltaksplanen i tett samarbeid med næringslivet og sikre varig forankring av arbeidet.

I juni vart Trillestien ved Rjupetjedn offisielt opna, med god deltaking frå både lokalbefolkning og gjester. Arrangementet fekk brei og positiv medieomtale, og stien har i etterkant fått svært gode tilbakemeldingar frå brukarar som har opplevd han. Saman med lokalt næringsliv og frivillige er det laga ein plan med prioriteringar for vidare tilrettelegging av naturområde, stiar og løyper. Løypeforeininga har fått eit tilskot på 750 000 kroner til tilretteleggingstiltak, og fleire søknadar til ekstern finansiering er under arbeid.

Tilgjengelegheit for alle er no godt integrert i den nye Kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, med fleire gode tiltak som kjem alle innbyggjarane til gode.

Vi tok initiativet til vidareutvikling av selskapet Beitostølen Fellesgoder AS, BFG 2.0-prosessen, og deltek aktivt i det arbeidet, med sikte på vidareføring og auke av fellesgodefinansieringa. I denne prosessen vil BFG også vurdere eigarsamansettinga i selskapet i samsvar med aksjonæravtalen. Planen er at BFG 2.0 skal avklarast i løpet av 2025, med verknad frå 2026.

**Vi skal i lag med idrettslaget, stadionselskapet og Beitostølen Fellesgoder AS i løpet av 2024/2025 lage ein plan for utvikling og drift av sti- og løypenettet på Beitostølen og ein plan for Beitostølen stadion som gjev auka bruken av stadionområdet gjennom heile året.**

Selskapet Beitostølen sti- og løypedrift AS driftar sti- og løypenettet på beitostølen frå 2025. Vi samarbeider godt med selskapet, og har i år gjennomført fleire tiltak (senking av VA-kummer, omlegging av løyper) slik at sti- og løypenettet kan driftast meir rasjonell. Beitostølen Sti- og Løypedrift AS har i 2025 fått tilskot frå DNB-stiftinga, og er godt i gang med fleire konkrete tilretteleggingstiltak. Dette omfattar mellom anna:

- Bærekraftig stibygging: oppgradering av eksisterande stiar og bygging av nye med miljøvennlege metodar og materiale.
- Universell tilrettelegging: utbetring av fleire strekningar for rullestolbrukarar, mellom anna grusing og utjamning av trillestiane ved Garli, justering av hellingsgrad på delar av grøn løype frå sentrum, og utbetring rundt benkane langs trillestien.
- Tilkomst til aktivitetsområde: betre tilkomst til tur- og aktivitetsområde for gåande og rullande.
- Informasjon og sikkerheit: oppgradert skilting, informasjonsmateriell og etablering av tryggleikstiltak.

Målsetjingane er å skape eit inkluderande miljø for alle brukargrupper, å ta vare på naturverdiene gjennom gode restaureringstiltak, og å auke tilgjengelegeita til aktivitetsområda på Beitostølen.

Beitostølen Stadion AS har i 2025 fått tilskot frå DNB-stiftinga og Sparebankstiftelsen til betre tilrettelegging for alle i sti- og løypenettet. Det er òg søkt om spelemidlar til vidare utvikling. Arbeidet med heilårsløypa er godt i gang, og i dei komande åra skal det jobbast vidare med universell tilrettelegging, oppgradering av servicefunksjonar og utvikling av nye aktivitetstilbod som legg til rette for brei bruk gjennom heile året. Tiltaka omfattar mellom anna:

- *Løyper som passar til alle* – nærmiljøanlegg 2025–2026 (finansiert av Sparebankstiftelsane, DNB og søkt spelemidlar)
- *Oppgradering av skiskyttaranlegget* – 2025–2026 (inkl. nye blyfangarar etter lisenskrav, søkt spelemidlar)
- *Frisbeegolf for alle* – nærmiljøanlegg 2026 (søkt spelemidlar og ekstern finansiering)
- *Universell utforming* – 2026–2027 (ramper, tilkomst, søkt spelemidlar og ekstern støtte)
- *Utbetring av inngangar og sanitæranlegg* – 2026–2027 (søkt spelemidlar).


Beitostølen stadion er ein sentral arrangementsarena både nasjonalt og lokalt. I tillegg til den tradisjonsrike Beitosprinten – som i 2025 får utvida deltaking frå parautøvarar – skal arenaen huse både Norgescup i skiskyting og Norgescup i langrenn denne vinteren. Slik medverkar stadion til å setje Beitostølen på kartet, og til å skape aktivitet, trivsel og verdiskaping i lokalsamfunnet.

Kommunen har planlagt og prosjektert utbygging av gangveg/fortau frå Bygdinvegen ned til Beitostølen stadion, inkl. parkeringsplass og tilkomst til stadion. Vi hentar no inn tilbod for utbygginga. Betre tilkomst frå Bygdinvegen, utbetring av parkeringsplassen ved Beitostølen stadion og betre tilkomst inn til stadionanlegget vil legge til rette for auka bruk av stadionanlegget heile året.

## Sjukefråvær

Kommunen hadde per andre tertial eit sjukefråvær på 9,7%. Dette er det lågaste vi har hatt i same periode dei siste fire åra (ned 0,6 prosentpoeng frå 2024). Målet i økonomiplanen at sjukefråværet skal ned med 1 prosentpoeng frå -24. 9,7 % er eit "normalnivå" for kommunen i åra 2018-21.

Særleg positiv har utviklinga vore i dei store tenesteområda (opplæring/kultur og helse/omsorg).



## Økonomirapportering drift

For 2025 har kommunen budsjettert med å tære på ordinært disposisjonsfond med 6.827`. Budsjettet er gradvis stramma inn dei siste åra, noko som inneber mindre reservar/slakk og høgare risiko for meirforbruk når uføresette ting skjer.

Fleire område varslar prognosert meirforbruk i 2025, jf. omtale nedanfor. Vi ventar også høgare inntekter; litt auka rammetilskot, men i hovudsak på kraft (anslagsvis 12.000`). På kraftområdet skal eit ev. mindreforbruk setjast direkte på kraftfond (jf. vedteke kraftforvaltnings-reglement), og ikkje finansiere ordinær drift. Vi må difor finne andre innsparingar og meirinntekter for å finansiere dei meirforbruka vi trur kjem.

Det er vanskeleg no å sjå ekstraintekter eller større innsparingar. Vi kan ende med meirforbruk i drifta. Erfaring frå tidlegare år tilseier at vi likevel ved årets slutt vil kunne sjå enkelte mindreforbruk /meirinntekter. Det kan t.d. vera øyremerkta tilskot/bruk av bundne fond for prosjekt-aktivitet som ikkje er rapportert p.t., reduserte lønnskostnader som følgje av vakansar og sjukefråvær i tenester der det ikkje er mogleg å skaffe vikar, eller meir salsinntekter på hausten enn prognosert. Fordi vi foreløpig har tru på at kommunen kan lande om lag på budsjett, er prognosert meirforbruk dei ulike stader lagt inn med eit uspesifisert mindreforbruk på 5.780` under Sum generelle inntekter (i tillegg til auka rammetilskot på 2.900`), for å saldere prognosen.

I tillegg kjem prognosert meirforbruk på sjølvkostområda vatn, avløp, bygge-/delesak/ private planforslag (totalt ca. 5 mill.), som pga. manglande sjølvkostfond på dei aktuelle områda må bli midlertidig finansiert av generaløkonomien.

Vi gjer merksam på at rekneskap og budsjett ikkje er periodisert i særleg grad, og resultatet gjennom året ikkje gjev eit representativt bilde av status. Ved tertialrapportane vurderer vi om det er vesentlege prognoseavvik for året på dei ulike område, og desse er kommentert nedanfor.

## Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Budsjett hiå. 2025	Regnskap hiå. 2025	Budsjett 2025	Årsprognose	Prognose årsavvik	
Sum generelle driftsinntekter	-211 168	-209 284	-316 878	-325 558	8 680	✓
Avskrivningar	21 401	0	32 115	32 115	0	✓
Motpost avskrivningar	-21 401	0	-32 115	-32 115	0	✓
Netto finansutgifter	26 367	25 962	39 567	39 567	0	✓
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-10 112	19	-15 149	-3 149	-12 000	!
<b>Til disposisjon</b>	<b>-194 912</b>	<b>-183 302</b>	<b>-292 461</b>	<b>-289 141</b>	<b>-3 320</b>	!
Politisk leiding og kontrollorgan	1 707	1 786	3 059	3 059	0	✓
Kommunedirektør felles	4 551	2 210	8 502	6 652	1 850	✓
Stab	12 011	15 127	18 531	18 531	0	✓
Felles opplæring og kultur	4 556	3 533	6 867	7 787	-920	!
ØSUS	9 906	10 596	15 720	15 720	0	✓
Rogne skule	11 300	11 636	17 827	18 127	-300	!
Lidar skule	10 658	11 648	16 989	17 289	-300	!
Rogne barnehage	9 414	9 984	14 880	14 880	0	✓
Beito barnehage	4 733	5 473	7 536	7 536	0	✓
Private barnehagar	4 214	5 106	6 324	7 424	-1 100	!
Kulturavdelinga	6 763	7 639	10 399	10 499	-100	!
Integreringstenesta	-366	-3 302	0	180	-180	!
Felles helse og omsorg	14 759	14 232	22 375	22 775	-400	!
Helse og tilrettelagde tenester	25 225	30 506	39 858	42 858	-3 000	!
Førebygging og meistring	25 200	24 783	39 523	39 523	0	✓
Institusjonstenester	23 343	24 145	36 449	37 149	-700	!
Felles tekniske tenester (ikkje i bruk)	79	7	118	118	0	✓
Teknisk drift	25 688	10 705	39 660	41 260	-1 600	!
Næring plan og byggesak	7 486	8 030	11 975	11 805	170	✓
Kraftforvaltning	-7 344	-15 730	-11 021	-23 021	12 000	✓
Pensjon mv. felles	-8 275	206	-13 109	-11 009	-2 100	!
<b>Sum disponering</b>	<b>185 606</b>	<b>178 323</b>	<b>292 461</b>	<b>289 141</b>	<b>3 320</b>	✓
<b>Merforbruk +/-mindreforbruk -</b>	<b>-9 306</b>	<b>-4 979</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	✓

## Generelle inntekter

**Skatt og ramme:** Ved revidert nasjonalbudsjett vart det løyvd meir pengar til kommunane. Ut frå prognosemodellen frå KS ser det ut som Øystre Slidre kommune vil få omlag 2,9 mill. meir enn det vi har budsjettert med for 2025. Auka inntekter skal gå til bl.a. redusert foreldrebetaling i barnehagane frå 1.august, auka basistilskot til legar og auka realvekst.

**Eigedomskatt** vil havne omlag på budsjett.

**Netto finansutgifter** ser ut til å havne omlag på budsjett. Netto renteutgifter viser eit meirforbruk, medan utbytte ligg an til å gje omlag tilsvarande i meirinntekter.

## Kommunedirektør - fellesområde

**Kraftforvaltninga** vil gje eit vesentleg betre overskot enn budsjettert for året. Det er budsjettert 7,8 mill. Inn i drifta, og 3,2 mill. i avsetjing til kraftfond. Prognosen per august estimerer ca. 12 mill. i meirinntekter. Med bakgrunn i kraftforvaltningsreglementet om at auka gevinst skal setjast på kraftfondet, tilrår vi budsjettendring med 12 mill. i avsetjing til kraftfond.

**Pensjon:** Siste prognose frå KLP viser at pensjonskostnadane i 2025 truleg vil bli om lag 2,1 mill. kr. høgare enn det som ligg inne i budsjettet. Budsjettet var basert på prognosane KLP frå september -24. Hovudforklaringa på auka kostnader er nye reglar for AFP i offentleg sektor (livsvarig AFP) og nye reglar for særaldersgrenser.

**Løn samla for kommunen:** Når det gjeld lønn samla for kommunen (utanom pensjonsområdet), ser dette ut til å ligge omlag på budsjett per 2. tertial.

Budsjettert lønnsvekst 2025 ligg ufordelt under kommunedirektør felles (4.259` for året). Vi foreslår å gje kommunedirektøren fullmakt til å fordele budsjettert lønnsvekst til tenestene med beløp tilsvarande resultatet av lønnsforhandlingane hausten 2025. Lønnsoppgjeret enda om lag på budsjett samla for kommunen. Vi legg til grunn ein prognoseendring under kommunedirektøren på 1.850`, som er lønnsauken frå mai til august. Øvrig del er ikkje med i tenestene sine vurderingar per august.

## Felles opplæring og kultur

**Leirskule:** For å få gjennomført endringa til at det er 7. klasse som reiser på leirskule, må 9. klasse, 8. klasse og 7. klasse reise hausten 2026. Det ligg 200` budsjettert for 2025, men totale kostnader blir omlag 740`, der 640` er kost og losji og transport og 100` er ekstra lønsutgifter. Venta meirutgifter for 2025 er dermed ca. 540`. Jf. KS-26-25 legg vi fram forslag om budsjettendring for 2025 med 540` i auka ramme til leirskule. Vi finansierer dette med auka rammetilskot.

**Interkommunale samarbeid (PPT):** Rapporten frå Nord Aurdal viser eit lite mindreforbruk som skuldast ubesette stillingar. Kjøp av innleigd hjelp vart avslutta i juni og to ubesette stillingar har oppstart 10. november og 3. januar 2026. Prognosen er å halde budsjett.

## Rogne skule

Prognosert meirforbruk på ca. 300`, som er litt ned frå varsla ved 1.tertial.

- Lønn er samla sett balanse. Det er meirforbruk på fastløn, jf. varsla i 1.tertial, men det har vore spara inn ved å ikkje bruke vikar for inspektør.
- Prognosert meirforbruk med ca. 135` på utgifter, i hovudsak transport fordi det ikkje er budsjettert for svømmeundervisning.
- Frå og med 1.8.25 blir det ein kostnad knytt til opplæring i samisk. For undervisning er det forventa ein kostnad på 175`. I tillegg vil det kome på kostnader i samband med språksamlingar for to elevar.

## Lidar skule

Prognosert meirforbruk på ca. 300`, som er litt opp frå varsla ved 1.tertial.

- Mindre sjukepengerefusjon enn budsjettert med ca. 200`, grunna vesentleg reduksjon i sjukefråvær 2025 enn lagt til grunn i budsjettet. Dette er likevel ei gledeleg utvikling.
- Skyss ligg litt over budsjett, som følge av symjeundervisning og heimkøyning etter norskundervisning for flyktningar på ØSUS tre dagar pr veke frå januar til juni.
- Eingongsutgift til bøker i samband med oppstart av klassekorps.

## Rogne og Beito barnehagar:

- Foreldrebetaling i barnehagane er redusert frå 1.august (jf. RNB). Dette inneber at inntektene går ned 2.halvår. Vi ventar ca. 480` i mindreinntekter i høve budsjettet, samla får begge dei kommunale barnehagane. Inntektstapet er kompensert med auka rammetilskot frå staten, som ligg under sentralt område i rekneskapet.
- Vi får tilskot ca.100` til styrking barnehagar (etter RNB), som ikkje er budsjettert.
- Vi har budsjettert og søkt om tilskot kr 1.100` frå Imdi til barnehage. Det er lang behandlingstid, men vi legg til grunn at kommunen mottok det omsøkte tilskotet.

Endring i prognose inntekter innan barnehagar er lagt under felles opplæring og kultur.

## Heggebø friluftsbarnhage

Tilskotet til Heggebø barnhage er ca. 900` høgare enn budsjettert. Det er venta at meirforbruket vil auke på grunn av reduksjon i foreldrebetalinga frå 1.8.2025. Meirforbruket per august er i hovudsak som følge av:

- Nye spesialpedagogiske behov som ikkje var budsjettert, ca. 600`.
- Vedtaket om tilskot vart litt høgare enn budsjettert, som følge av justeringar seint i 2024, ca. 275`.

## Kultur

Kultur går mot meirforbruk med omlag 100`.

- Vi må rekne med meirforbruk for kultur felles med 100`. Dette som følge av urealistisk budsjett for inntekter (budsjettet står att frå den tid kommunen hadde konsertar i Gapahuken).
- Kulturskulen si prognose er at dei går i balanse. Dette på tross av har i aukande grad over år hatt urealistisk lågt budsjett for kjøp av lærartimar (jf. avtale med andre Valdreskommunar). Budsjettet har ikkje vorte regulert i forhold til lønnsstigning og justering ifht. utdanningsnivå mv., og er no 200-300` for lågt i forhold til faktisk og tidlegare vedteke nivå på drift. Meirforbruket har tidlegare år vore dekt inn av andre delar av kulturbudsjettet, men etter budsjettkutt der dei siste åra er det ikkje lengre reservar å finne. Meirforbruket i 2025 er redusert i kulturskulen gjennom at det i året har vore stillingsvakansar, at kjøp av lærartenester er redusert, og fordi ein lærar har delar av si stilling overført til Lidar dette skuleåret pga. ledig kapasitet.

## Integreringstenesta

Talet flyktningar kommunen er oppmoda om å busette i 2025 er endra frå 25 til 20 i løpet av året. Inntektene frå tilskot er forventa å bli lågare enn budsjettet. Vi fekk heller ikkje fekk fylt opp alle plassane i fjor, noko som gjev lågare integreringstilskotet i 2025.

At det har vorte busett færre flyktningar i år enn forventa, har også ført til lågare driftsutgifter. I hovudsak gjeld dette utgifter knytt til norskundervisning og introduksjonsprogram, f.eks. lærebøker og anna undervisningsmateriell, og utgifter til bruk av tolk.

Vi har meirforbruk når det gjeld skyss (både bil og drosje). Dette handlar i stor grad om at 2025 er det fyrste heile året vi driftar eigen bil, og at budsjettet ikkje nødvendigvis er realistisk. Det er venta at utgiftene til skyss med drosje vil gå ned i andre halvår, då vi har klart å erstatte ein del fast drosjeturar med skyss med eigen bil.

Vi må vente eit visst meirforbruk i integreringstenesta for året, omlag 180`.

## Felles helse og omsorg

### Interkommunale samarbeid

Kommunen deltek i ei rekke interkommunale samarbeid innan helse og omsorg. Vi har fått rapport frå vertskommunen Nord Aurdal kommune per 2. tertial, sjå vedlegg. Samla sett ligg tenestene an til å vera omlag på budsjett. Vi kommenterer følgande:

- Barnevern har meirforbruk, knytt til stillingar ut over budsjett med godkjenning frå kommunedirektørane, og innleige av barnevernkonulentar for å ivareta forsvarleg saksbehandling (sistnemnde er under nedtrapping). Per august er meirforbruket for ØSK sin del på omlag 450`, og vi må rekne med meirforbruk for året. Tiltaka i ØSK ligg også over budsjett med 1.220` per august, hovudsakleg knytt til endring i tiltak utanfor familien. Ifølge rapporten er dette i hovudsak eit periodiseringsavvik og ikkje eit reelt avvik.
- FACT drifter som normalt etter budsjetterte årsverk og ramme, men det er inntektsført ein refusjon i 2025 for 2024, noko som vil medføre eit lite mindreforbruk (for ØSK anslagsvis 220`).

## Tildelings- og bustadkontoret

Økonomien er samla innanfor budsjett per august.

- Det er varsla frå institusjon mogleg behov for skjermingstiltak. Om dette blir naudsynt vil det innebera lågare eigenbetaling for institusjonsplassar, då det ikkje vil vera mogleg å belegge alle pasientromma.
- Husleigeinntektene ligg litt over budsjett per august-25, men er venta redusert utover 3. tertial. Dette skuldast mindre behov for vikarbustader, og fleire ledige fleire omsorgsbustader både på helsetunet og Moavegen 25 som det er budsjettert inntekter for resten av året, men som det per september-25 ikkje er kandidatar for som fyller vilkåra.
- Grunna mindre busetting av flyktningar enn planlagt har kommunen fleire leilegheiter som står tomme i påvente av innflytting. For å redusere utgiftene, og med mål om å redusere meirforbruket på husleige så mykje som mogleg, vil vi i løpet av året ha sagt opp fem framleigebustader.

## Helse og tilrettelagde tenester

**Legekontoret** skal iht. prognose lande om lag på budsjett.

**Helsestasjon og skulehelseteneste og Psykisk helse** vil samla sett lande omlag på budsjett. Tenestene må sjåast i samanheng då dei deler ei prosjektstilling.

**Tilrettelagte tenester** har eit meirforbruk per august på ca. 3,8 mill.. Dette er venta å bli noko redusert i løpet av hausten, men det blir likevel eit betydeleg meirforbruk, grovt vurdert til 3 mill. Dette skuldast:

- Det er etablert nye avlastningstilbod som ikkje låg i budsjettet.
- Avtalefesta faste tillegg vil gje eit meirforbruk på omlag 750`, her har det vore ein feil i budsjetteringa.
- Overtid og innleige ved Brennebakkin går ned, men ikkje like mye som planlagt i budsjettet.
- Andre vegen går det at: Det er lågare fråvær og mindre bruk av overtid ved Brennebakkin en tidlegare. Innleige frå vikarbyrå blir halvert hausten 25. Og at skogprodukt er forventet å få inntekter for sal av ved på 500`i haust.

## Førebygging og meistring

Tenesta ligg omlag på budsjett.

- Fysio/rehabilitering har meirinntekter, bl.a. fastlønnskot. For året blir meirinntektene anslagsvis 230`.
- Det er eit lite meirforbruk på utgifter, derunder:
- Avgifter/lisensar grunna implementering/prosjekt nye trygghetsalarmer og medisindispensarar (dette vil bli finansiert ved auka inntekt for leige av alarmer).
- Drift transportmilder etter mykje reparasjon og vedlikehald på dei eldste tenestebilane (utgift blir redusert då vi har fått to nye elbilar frå 1.7.)
- Bruk av vikarbyrå pga. vakanse i turnus. Det er 3 vikarar ut året, slik at det blir meirutgifter også framover. Mesteparten av dette meirforbruket er finansiert av mindreforbruk på løn.

## Institusjonstenester

Det er meirforbruk og forventa ytterlegare meirforbruk på innleige frå vikarbyrå, som følge av vakansar. Vi har hatt 3 personar frå vikarbyrå, men dette er redusert til 2 ut året fordi det er rekruttert inn fast personell i nokon av dei vakante stillingane. Det er også venta eit visst meirforbruk på inntil 100` på innkjøp av medisin. Meirforbruket per august er på vel 500`. Vi må rekne med at dette aukar noko ut året, slik at vi anslagsvis endar på ca. 700`.

## Teknisk drift

### Sjølvkostområda

VA har vesentleg lågare inntekter tilkoblingsavgifter enn budsjettet (1,2 mill. mot 6,3 mill.). Tilkoblingsavgiftene kan variere mykje frå år til år. Sidan 2020 har det vore slike inntekter: 6,2 mill., 4,5 mill., 3,7 mill., 8 mill., 3,5 mill. I år har det vore svært stille, og det er ikkje vesentleg kjente saker i vente i haust. Frå eit budsjett for sjølvkostområda som viste eit lite overskot, går det no mot eit underskot på nokre mill. (prognose viser ca. 4 mill.). Underskotet skal dekkast av framtidige gebyrinntekter, men dei bundne sjølvkostfonda er nær tømte, og underskotet 2025 må bli midlertidig finansiert av disposisjonsfond.

### Generaløkonomi

Mykje er i tråd med budsjett, men det er enkelte områder som kan medføre meirforbruk:

- Ekstrahjelp og overtid vaktmestrarar ligg 300` over budsjett per september, og 260` over budsjettet for året.
- Byggvedlikehaldet har så langt vore innanfor budsjett, men vi har nyleg fått eit par uforutsette utgifter. El-kjelen på administrasjonsbygget Løken har fått bruksforbod, den har rusta opp og må bytast. Det er i samband med installering av nytt SD-system på ØSUS, avdekka feil og manglar i sikringsskåpa på ØSUS, dette må bli ordna. Ekstrakostnader som ikkje var planlagt i budsjettet blir på ca. 300`.
- Serviceavtaler og alarmsystem/sikring ligg ca. 400` over budsjett og også over fjorår. Her har det vore høg prisauke. I tillegg har det kome på fleire avtalar, siste er ny pliktig periodisk kontroll av nytt løfteutstyr på helsetunet. Det ser ikkje ut til å ha vore teke nok høgde for dette i budsjettet, og vi må rekne med meirutgifter for året.
- Energikostnader har vore høgare kostnader enn budsjettet (550` per august) og også høgare enn fjorår. Vi må rekne med eit meirforbruk for året. Flisfyring på ØSUS og innføring av Norgespris på bustadene frå 1.10. vil truleg bidra til å redusere kostnadene ut året i forhold til i fjor og budsjett. Vi estimerer eit meirforbruk for året på 600` for generaløkonomien.
- Veg er foreløpig i tråd med budsjett samla sett, men det er nokon månader att med brøytesesong, og ein tvist, så her er det stor usikkerheit.

## Næring plan og byggesak

### Sjølvkostområda

Rekneskapa ber preg av låge inntekter på alle område samanlikna med same tid i 2024 (2.500' i år samanlikna med 3.826` på same tid i fjor). Spesielt sjølvkostområde byggjesaksbehandling ligg an til stort underskot i forhold til budsjett. Dette sjølvkostområdet har allereie underskot til framføring, og rekneskapsreglane tilseier at underskota må finansierast (midlertidig) av øvrige finansar. Inntektene per august er på ca. 1.288', mot budsjettet 2.955`, 2.231` per august i fjor. Sakene som kjem inn i år er små

tiltak som genererer lite inntekt. I påvente av vedteken KPA er det også låg aktivitet på arbeid med private planar. Det er hittil i år fakturert kun ca. 30' på private planar, medan det er budsjettert vesentleg høgare inntekter for året. Det er venta noko meir inntekter siste del av 2025. Meirforbruket på desse områda per august legg vi til grunn at blir gjeldande ut året, ca. 1.000`. Det er ikkje att bundne fond for dei aktuelle sjølvkostområda, slik at underskotet må dekkast (midlertidig) av disposisjonsfond.

### **Generaløkonomi**

I tråd med budsjett.

Vi vil gjennomføre prosjektet Moglegheitsstudie helsehus sjukeheimen innafor ei totalramme på kr 250'. Arbeidet vil bli finansiert med 80' som er att til utgreiinga om nytt helsehus, og 170' frå inntekter vi får på klimaplan, men som ikkje var budsjettert. Vi tilrår ei budsjettendring for å tydeleggjera dette, sjå oversikt over budsjettendringar i siste kapittel.

## Investeringar

Tabellane nedanfor viser status for investeringar per august og forslag til budsjettendingar.

- «Status §5-5 første ledd» viser samla tal for kommunen, bl.a. rekneskap så langt, revidert budsjett 2025 (etter overføring av unytta rammer i 2024), og sum forslag til budsjettendingar 2025. Negative tal for investering er reduksjon i ramme, positive tal for inntekter betyr reduksjon. Enkelte postar har kommentarar nedst.
- «Status investeringsprosjekt» viser kommentarar til status når det gjeld framdrift og økonomi. Budsjettendingane inkluderer sluttrapportering av enkelte prosjekt (desse går fram av kolonnen «Forslag til endring av totalramme»), rest er nedtak av estimert unytta ramme 2025, som blir overført til 2026. Budsjettendingane for 2025 er oppsummert i siste kapittel.

### Status §5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Opph. bud. 2025	Årsprognose	Forslag til bud.endring år 2025	Forslag til bud.endring år 2026	Forslag til endring av totalramme
Investeringar i varige driftsmidlar	24 228	97 464	84 430	56 856	-40 608	47 522	6 914
Tilskot til andre sine investeringar	27	0	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	914	900	900	914	14	0	14
Utlån av egne midlar	6 118	6 118	0	6 118	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>31 286</b>	<b>104 482</b>	<b>85 330</b>	<b>63 887</b>	<b>-40 595</b>	<b>47 522</b>	<b>6 927</b>
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 682	-6 816	-6 494	-4 448	2 368	-2 521	-154
Tilskot frå andre *	-3 813	-2 270	-1 970	-3 318	-1 048	-539	-1 587
Sal av varige driftsmiddel	-2 854	-1 000	-1 000	-1 000	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel **	-1 368	-1 368	0	-2 239	-871	0	-871
Bruk av lån	0	-76 829	-64 416	-37 971	38 858	-42 145	-3 287
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-9 718</b>	<b>-88 282</b>	<b>-73 880</b>	<b>-48 975</b>	<b>39 307</b>	<b>-45 205</b>	<b>-5 898</b>
Vidareutlån	2 359	2 000	2 000	2 000	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	-2 359	-2 000	-2 000	-2 000	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	298	200	200	200	0	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-69	-200	-200	-200	0	0	0
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>	<b>228</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overføring frå drift ***	0	-11 200	-6 450	-9 912	1 288	-2 317	-1 029
Avsetningar til bundne investeringsfond	754	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	-5 000	-5 000	-5 000	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekkabeløp	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsetningar</b>	<b>754</b>	<b>-16 200</b>	<b>-11 450</b>	<b>-14 912</b>	<b>1 288</b>	<b>-2 317</b>	<b>-1 029</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (udekt)</b>	<b>22 551</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

2025-2 tertial rapport - Øystre Slidre kommune

**Andre investeringer**

Beløp i 1000

Investering	Status framdrift	Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose	Budsjett for året		Forslag til bud.endr. år 2025	Forslag til bud.endr. år 2026	Sum forslag til bud.endr.	
					Avvik årsprognose	Økonomistatus Kommentar				
Andeler i KLP	Ferdig	900	914	914	-14	Merforbruk	Egenkapitalinnskot i KLP (årleg).	14	0	14
Bustad Bygdinvn.2175 (27/42)	Forsinket	1 572	0	0	1 572	Mindreforbruk	Vi har kutta ut ombygging av bygget på grunn av høge kostnader, og at det er behov for husvære av den noverande typen til busetjing. Budsjettramman kan tilbakeførast.	-1 572	0	-1 572
Furustrand ute inkl. gangveg Furustrand Heggenes	Forsinket	5 181	1 083	2 222	2 958	Ihht plan	Turveg, gatelys og dagsturhytta er på plass, spelemiddel er motteke (1.031'). Arbeidet for resten av området er starta i 2025-. Kommunen har motteke tilsegn bl.a. frå Sparebankstiftelsen som vil finansiere mykje av investeringane. Øvrig blir finansiert av eigedomsskattefond jf.ØP-25. For å betre krysset i tråd med signal frå fylkeskommunen er avkjøringa til Furustrand utbetra. Dette var ikkje ein del av det opphavleg budsjettet for Furustrand og må bli fullfinansiert av kommunen. Tiltaket vart utført sommaren 2025 med ein kostnad på om lag 700' som belastar vedteke budsjett. Resten av budsjettet vert overført til 2026. Teikning og prosjektering av kiosk / lagerbygg pågår med mål om byggjeart tidleg 2026. Omfanget av tiltaket vert redusert som følgje av utgiftene til ny avkjøring.	-2 958	2 958	0
Infrastruktur med UBA, e-skattemiddel (hovedprosj. til fordeling)	Iht. plan	0	52	0	0	Ihht plan	Blir fordelt og finansiert av UBA-middel mv.på slutten av året.	0	0	0
Intern finansiering	Iht. plan	0	428	0	0	Mindreforbruk	Finansiering av endra budsjettløyvingar investering.	0	0	0
Kommunale bygg - betre nettverk kommunehuset	Ferdig	1 200	1 162	1 162	38	Mindreforbruk	Arbeidet er utført.	-38	0	-38

Investering	Budsjett for året						Forslag til bud.endr. år 2025	Forslag til bud.endr. år 2026	Sum forslag til bud.endr.	
	Status framdrift	Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose hiå	Avvik årsprognose	Økonomistatus Kommentar				
Kommunale bygg - nye energiløysingar kommunehuset /ØSUS	Iht. plan	7 094	6 307	7 900	-806	Merforbruk	Radiatorar og rør vart montert i skuleferien. Det gjenstår montering og igangkjøring av sentralt driftsanlegg (SD anlegg) med frist i veke 42. Anbudsfasa syner at opphavleg budsjett ikkje dekker interne utgifter til løn, prosjekteringskostnader og eventuelle uforutsette utgifter. Det må reknast med ein god del tillegg som følge av framføring i gamal / eksisterande bygningsmasse. Det var ikkje tilrådeleg å bruke opp att det gamle SD anlegget, difor kjem ein auka kostnad for nytt SD anlegg. Med nytt SD-anlegg har ein no moglegheit til å redusere energibehovet.	806	0	806
Kommunale områder for bustad og næring	Iht. plan	2 977	2 023	4 877	-1 900	Ihht plan	Det er kjøpt tomt ved Beitostølen Stadion, i tråd med strategi for området. Vi foreslår å finansiere dette av eigedomsskattemiddel. Øvrig ramme er disponert.	1 900	0	1 900
Kommunale vegar - asfaltering o.l.	Iht. plan	800	0	800	0	Ihht plan	Asfaltering blir utført i haust, det er ikkje kome inn faktura for dette enda.	0	0	0
Nærmiljøanlegg Klyppemyrhaugen	Iht. plan	0	39	0	0	Ihht plan	Ferdig. Det er kome meir fakturer i haust. Kommunen har fått innvilga spelemiddel på 341.000 som kjem inn hausten 2025.	0	0	0
Overtak./oppgrad.Finntøppvn.og gang sykkelveg Beitestølvegen Tjednbakkvegen	Forsinket	14 197	385	9 000	5 197	Ihht plan	Del 1; Tjednbakkvegen er ute på anbod, arbeidet vil starte oktober 2025 med ferdigstilling 30.11.2026. Del 2; Finntøppvegen, arealet må regulerast, arbeidet med reguleringsplan startar hausten 2025.	-5 197	5 197	0
Skoltefoss kraftstasjon	Forsinket	3 091	1 205	3 091	0	Ihht plan	Skoltefoss kraftverk skal etter planen rehabiliterast etter driftsstansen som følge av uværet "Hans". Det pågår prosjektering av flaumsikring og bytte av øydelagde komponentar. Byggearbeidet vil starte opp i løpet av vinteren 2025/2026. Forsikringsoppgjeret er ikkje avklara/	0	0	0

2025-2 tertial rapport - Øystre Slidre kommune

Investering	Budsjett for året									
	Status framdrift	Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose	Avvik årsprognose	Økonomistatus	Kommentar	Forslag til bud.endr. år 2025	Forslag til bud.endr. år 2026	Sum forslag til bud.endr.
Tenestebilar	Ferdig	1 000	923	923	77	Mindreforbruk	motteke enda. Kommunen fekk 5.668` frå staten til gjenoppbygging av kraftstasjonen. To bilar i heimetenesta er skifta ut.	-77	0	-77
Trillesti Rupetjedn	Iht. plan	156	126	156	0	Ihht plan	Manglar skilt, ellers ferdig.	0	0	0
Uteområdet ved ØSUS	Forsinket	5 450	197	1 000	4 450	Ihht plan	Prosjektet har vore ute på anbod og arbeidet startar i september 25. Ferdigstilling sommaren 2026. Prosjektet synes å vera innanfor samla budsjett for 2025 + 2026 forutsatt at søknad om spelemiddel blir innvilga (ca. 2 millionar kroner)	-4 450	4 450	0
Utlån (av egne middel)	Iht. plan	6 118	6 118	6 118	0	Ihht plan	Utlån til Beitostølen sti- og løypedrift AS jf. KS-75-24, kr 4.750` + 1.368`. 1.368` er tilbakebetalt i år som føreset. Avdrag kr 871` er i haust fakturert iht. nedbetalingsplan, dette var ikkje budsjettert opprinneleg, og bør budsjettendrast for 2025. Midla skal bli tilbakeført til eigedomsskattefondet.	0	0	0
<b>Sum</b>		<b>49 736</b>	<b>20 968</b>	<b>38 163</b>	<b>11 573</b>			<b>-11 573</b>	<b>12 606</b>	<b>1 033</b>

### Selvkost

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året									
	Status framdrift	Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose	Avvik årsprognose	Økonomistatus	Kommentar	Forslag til bud.endr. år 2025	Forslag til bud.endr. år 2026	Sum forslag til bud.endr.
VA - hytteområda - Finntøplie	Iht. plan	1 106	675	1 106	0	Ihht plan	Gjenstår noko arbeid med overvatn grøft, arbeidet blir slutført i løpet av 2025.	0	0	0
VA auka renskapasitet	Forsinket	22 151	754	2 100	20 051	Merforbruk	Forprosjekt er ferdig. Reguleringsplan er utarbeida og klar for innsending til behandling. ØSK ventar avklaring frå statsforvalteren på søknad om utsleppsløyve. Vi må gjera fleire undersøkingar i 2025. Vi ventar også på utgreiing om felles reinseanlegg for ØSK, VSK og NAK, jf. vedtak i	-20 051	20 051	0

2025-2 tertial rapport - Øystre Slidre kommune

Investering	Status framdrift	Budsjett for året				Avvik økonomistatus	Kommentar	Forslag til bud.endr. år 2025	Forslag til bud.endr. år 2026	Sum forslag til bud.endr.
		Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose hiå	Årsprognose					
							kommunestyra. Utgreiing vil bli gjennomført 2025-2026 (og er budsjettert i drift). Mesteparten av ramma bør overførast til 2027-.			
VA hytteområda - Gravfjellet	Iht. plan	1 767	423	1 767	0	Ihht plan	Det er utført grunnundersøkingar jf. klimasatsmidlane som vart tildelt prosjektet. Resultata viser at det er mogleg å nytte styrt boring som eit alternativ, men framleis noko usikkerheit knytt til massane. Hovedjobben kan no leggest ut på anbud.	0	0	0
VA hytteområda - Luskeråsen	Iht. plan	0	5	0	0	Ihht plan	Det kan bli aktuelt med prosjekteringsutgifter her i 2025. Prosjektet følgjer etter Gravfjellet, 2025-.	0	0	0
VA i bygda - Bygdinvegen Skogaplassen - Mørstad	Forsinket	7 390	292	300	7 090	Ihht plan	Prosjektet blir utført med ein "vedlikehaldstrase" på toppen av VA-traseen. Anlegget har fått førehandsgodkjenning frå fylkesvegen og prosjekteringa er utført. Vi er i prosess med grunneigaravtaler før arbeidet kan leggas ut på anbud. Det er økonomisk usikkerheit knytt til lupin problematikk og omlegging av fiberkabel. Budsjettet kan verke noko lågt. Prosjektstart 2026.	-7 090	7 090	0
VA i bygda - Kolleberg	Iht. plan	269	152	269	0	Ihht plan	Gjenstår kantstein og å setja ut nye grensemerker.	0	0	0
VA i bygda - Mellsen - Kveno	Ferdig	4 472	3 846	4 472	0	Ihht plan	Prosjektet er ferdig. Budsjettet er egentlig romslig, men vi har no motteke stevning når det gjeld konkurranse/innkjøp. Forsøk på forlik har foreløpig ikkje lykkast, og det kan medføre ein del advokatutgifter.	0	0	0
VA i bygda - Nordtorp Hegge stavkyrkje	Ferdig	1 635	1 883	2 125	-490	Ihht plan	Ferdigstilt. Anlegget vart sluttført i 2024, det gjenstod noko restarbeid som er utført i 2025. Er i prosess med sluttoppgjør.	490	0	490
VA Mellseenn vassverk (Kollstad)	Iht. plan	0	131	200	-200	Ihht plan	Søknad om konsesjon for uttak av drikkevatt er sendt til NVE for behandling, forprosjekt gjennomført. Vart ikkje budsjettert 2025 (men 2026-), pga. venta lang ventetid hjå NVE. No er likevel prosessen aktiv med spørsmål og svar. Vi bør auke budsjettramme for dette arbeidet i 2025 (framskunde frå 2026).	200	-200	0
VA mindre anlegg årleg	Forsinket	5 000	5	5 000	0		Usikkert om vi får behov for budsjettløyvinga i 2025.	0	0	0
VA Nordtorp høgdebasseng	Forsinket	11 986	299	5 000	6 986	Ihht plan	Arbeidet har vore ute på anbud og startar oktober 2025. Budsjettet verkar tilstrekkeleg.	-6 986	6 986	0

Budsjett for året										
Investering	Status framdrift	Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose	Avvik årsprognose	Økonomistatus	Kommentar	Forslag til bud.endr. år 2025	Forslag til bud.endr. år 2026	Sum forslag til bud.endr.
VA oppgradering Ole vassverk	Forsinket	1 690	346	700	990	Ihht plan	Montering av ny sil og UV-aggregat er ferdig. Dette er del av eit større prosjekt. Resten blir å overføre til neste år i påvent av behandling av ny konsesjon for uttak av vatn.	-990	990	0
VA Skistadion B. - Haugsynlie	Iht. plan	1 000	73	1 000	0	Ihht plan	Noko av arbeidet med denne VA-traseen blir utført saman med Tjednbakkvegenprosjektet hausten 2025.	0	0	0
VA transportmiddel	Ferdig	1 027	1 181	1 181	-154	Merforbruk	Ferdig levert. Vart litt dyrare enn budsjettert, bør regulerast i budsjetten for 2025.	154	0	154
VVA Heranglie	Iht. plan	-4 745	253	505	-5 250	Merforbruk	Prosjektet er ferdig med unntak av litt rest-arbeid med asfaltering som blir gjort hausten 2025. Prosjektet viser meirkostnader, og vi viser til nærare omtale i eige avsnitt i tertialrapporten.	5 250	0	5 250
<b>Sum</b>		<b>54 746</b>	<b>10 317</b>	<b>25 724</b>	<b>29 022</b>			<b>-29 022</b>	<b>34 916</b>	<b>5 894</b>

## VVA Heranglie

Prosjektet er slutført. Regnskapet viser eit meirforbruk på 5.250`.

Årsakene til meirkostnader på prosjektet VVA Heranglie kan oppsummerast slik:

Sluttrapportering:	Straum			Sum
	VA og veg	og fiber	Renter	
Regnskap	45 157	4 041	1 617	50 815
Budsjett	40 268	3 827	1 470	45 565
<b>Budsjettavvik</b>	<b>4 889</b>	<b>214</b>	<b>147</b>	<b>5 250</b>

- **Prisindeksregulering:** Kontrakta gjekk over ein tidsperiode på to år med stor prisvekst på alle material som vart nytta i prosjektet. Det gjorde at prisindeksreguleringa i henhold til kontrakta vart eit større beløp enn venta.
- **Rekkverk:** Vi måtte gjera endringar og tilleggsoppdrag, spesielt rekkverk for syklende og gatelys ved ØSUS. Krav for rekkverk vart endra mellom anbodstidspunkt og utføring, difor måtte dette bli oppgradert i samsvar med nye krav.
- **Gatelys:** Gatelystypen vart utvida, og omfatta gatelys på heile gangvegen til ØSUS av omsyn til sikkerheit og førebygging mot hærverk på ØSUS.
- **Stikkledningar:** Posten for grøfter for interne stikkledningar i området vart utegløymt i anbodsdokumenta (ikkje rør), og måtte takast inn som endringsmelding i løpet av prosjektet.
- **Grunnforhold:** Det var andre grunnforhold enn forventa. I anbodsdokumenta vart det prosjektert med fjellmassar som ville medføre bratte skråningar og lite behov for terrengendring. I løpet av prosjektet viste det seg at det var meir lausmassar i staden for fjell. Det har ført til større endringar av terrenget med lange skråningar og skjæringar langs sykkelvegen. Dette medførte meir skogrydding og meir massar som måtte bli flytta.
- **Oppmåling:** I prosjekteringa vart det sett på området som kom til å bli omfatta av gravearbeid, dette var utmålt teoretisk. Før anleggsarbeidet byrja, kjørte entreprenør med drone for å kartlegge området der det skulle foregå arbeid. I etterkant av arbeidet vart området på nytt dronescanna, og alle kvadratmeter som var berørt i samband med prosjektet vart kartlagt. Dette viste seg å vera betydeleg meir enn prosjektert.

### Tilskot frå andre

Kommunen har i 2025 motteke 1.587` i spelemiddeltilskot, etter rehabilitering av symjebasseng på ØSUS for nokre år sidan. Tilskotet var ikkje budsjettert for 2025, og vi foreslår budsjettendring.

Tilskot budsjettert til Furustrand friluftsområde er foreslått overført frå 2025 til 2026 med 539`.

### Mottatte avdrag på utlån av eigne middel

Vi ytte i 2025 langsiktig lån til Beitostølen sti- og løypedrift AS jf. KS-75-24 med 4.750` Avdrag kr 871` er i haust fakturert iht. nedbetalingsplan, dette var ikkje budsjettert opprinneleg, og bør budsjettendrast for 2025. Midla skal bli tilbakeført til eigedomsskattefondet. Praktisk skjer dette ved at inntekta i investering blir auka, overføring frå drift til investering blir tilsvarende redusert, og at avsetjing til fondet i drift blir auka.

### Overføring frå drift til investering

- For Furustrand friluftsområde har det vore mindre framdrift og bruk av eigne middel i 2025 enn lagt til grunn i budsjettet. Av eigne middel (eigedomsskattemiddel) har vi nytta 1.333`, medan det var budsjettert med 3.650`. Prosjektet fortset i 2026, og vi tilrår å ta ned budsjetttramma for bruk av eigedomsskattemiddel i 2025 med 2.317`, og overføre den til budsjett 2026. Praktisk skjer dette ved at overføring frå drift til investering blir redusert, og at bruken av fondet i drift blir redusert med 2.317` i 2025.

- Som følge av auka avdragsinnbetaling i investering for eigedomsskattefinansiert utlån, reduserer vi overføring frå drift til investering tilsvarande med 871` i 2025.
- Det er kjøpt ut ei tomt ved Beitostølen Stadion for ca. 1.900` i tråd med strategi for området. Vi foreslår å finansiere dette av eigedomsskattemiddel. Praktisk skjer dette ved at utgifta i investeringsramma blir auka, overføring frå drift til investering blir tilsvarande auka, og at bruk av eigedomsskattefondet i drift blir auka med 1.900` i 2025.

Samla foreslår vi å redusere overføring frå drift til investering med 1.288` i 2025, og at bruken av eigedomsskattefondet i drift blir redusert tilsvarande i 2025.

## Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

### Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Nedanfor følger rapportering for finans-, gjelds- og kraftforvaltning, i tråd med forskrift om finans- og gjeldsforvaltning § 8.

#### Finansplasseringar:

Per augsut 2025 har kommunen plassert midlar i:

##### **Bankinnskot**

Kr 80.569` er plassert i Sparebank 1 Hallingdal og Valdres. Det er ikkje tidsbinding på bankinnskota. Kommunen har hatt rentesats tilsvarande nibor 3 mnd + 0,25% poeng. Det vurderer vi er ei tilfredsstillande rente, med tanke på at likviditeten er plassert med svært låg risiko. Kommunen vurderer løpande kvar midla skal plasserast, der føremålet er låg finansiell risiko og høg likviditet, jf. finans- og gjeldsreglementet pkt. 2.

##### **Langsiktige strategiske plasseringar.**

Kommunen har langsiktige aksjar og andelar med bokført verdi kr 55.248`, der målsetjinga med plasseringa primært har vore strategisk eigarskap, og ikkje finansiell vinning. Vi syner til spesifikasjon i note 5 til rekneskapen for 2024.

Kommunen har og langsiktige utlån. Kr 20.000` er ansvarleg lån til Valdres Energiverk AS. Det blir betalt renter av lånet i tråd med avtale frå 2022. Rentesats er basert på Norges Banks 10-års statsobligasjonsrente, med tillegg av rentebyteavtale mot 10-års Nibor og eit risikopåslag 3,4 %-poeng. Rente ut frå dette var siste året 7,24%, og auka til 7,49% frå 1.april 2025.

I tillegg har kommunen i 2025 utbetalt langsiktig lån kr 4.750` til Beitostølen Sti- og Løypedrift AS med bakgrunn i kommunestyrevedtak 75/24. Lånet er vedteke at skal ha fast rente på 3,9% i lånetida (5 år). Bakgrunnen for renta var politisk vilje til at lånet skulle vera gunstig for selskapet og løypedrifta i kommunen, samstundes som kommunen får att sin rentekostnad på midla.

Det blir betalt utbytte frå Valdres Energi, normalt mellom 1.200` og 1500` per år. Bokført verdi på kommunen sin eigarandel i Valdres Energi er 10.000`, og utbyttet i 2024 (1.413`) utgjer 14,1%.

Det blir og betalt utbytte frå Innlandet Energi Holding AS (2.279` i 2024, 3.801` i 2023, 1.480` i 2022). Størrelsen varierer ein del ut frå oppnådd kraftpris/-resultat det enkelte år. Prognosen er på vel 2 mill. for 2025. Bokført verdi på kommunen sin eigardel i Innlandet Energi Holding er 27.169`, jf. note 5, og utbyttet i 2024 utgjer 8,4% avkastning (mot 14% og 5,4% åra før).

#### Lånegjeld:

Kommunen har ved utgangen av august 2025 ei lånegjeld på kr 482.333`. Det er ikkje teke opp nye lån så langt i 2025. Låna består av ordinære gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt, KLP Banken og Husbanken. Vi viser til note 8 i rekneskapen for 2024 og årsrapporten. Alle låna har flytande rente. Kommunen har ikkje sertifikatlån eller lån som forfell eller må refinansierast dei neste 12 månader.

Av samla lån utgjer lånegjelda for sjølvkost ca. 233.567` per 2024. Netto lånegjeld for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda), var totalt på 208.538` per 2024, og ligg under handlingsregelen til

kommunen (43,2% av sum driftsinntekter mot mål på 50%). I 2025 er sjølvkostdelen litt aukande, medan andelen til generaløkonomien går litt ned.

Kommunen har auka avdragsplikter framover, og er også eksponert for renteauke, noko som kan gje større utfordringar med å balansere drifta.

## Kraftforvaltninga

### Kommunen sine kraftrettar

Kommunen sine kraftrettar på omlag 54,5 gWh blir seld på kraftbørsen. Kraftrettane inneheld konsesjonskraft på 22 gWh, andelskraft på 28 gWh og eigenproduksjon i Skoltefoss på normalt 2-3 gWh i eit normalår. Etter uværet «Hans» i august 2023 vart kommunen sitt kraftverk Skoltefoss sterkt skada og stoppa opp, har ikkje kome i gang att, og det vil ut frå tilstandsrapport ta eit par år å få det sett i stand. Det vart seld 52,3 gWh i 2024, mot normalt ca. 54,5 gWh.

Vi nyttar ekstern kraftforvaltar. Kraftforvaltaravtalen har vore ute på konkurranse for 2025.


Kommunen må betale kostpris for krafta vi mottok. Prisen for ein mindre del av konsesjonskrafta blir fastsett sentralt, medan resten av konsesjonskrafta og andelskrafta blir betalt ut frå sjølvkostutrekning frå kraftprodusent. Sjølvkostprisen varierer mykje frå kraftverk til kraftverk, og avheng også i stor grad av spotpris/marknadsprisen i året og vedlikehald i det aktuelle kraftverket.

### Kraftforvaltning - reglement

Kraftforvaltning skal følgje reglementet for kraftforvaltning, sist vedteke i kommunestyret i sak KS-34/22. Dette seier at kommunen i hovudsak skal selja krafta vår i spotmarknaden (utan prissikring/fastprisavtaler). Dvs. å følgje marknaden, noko som vil kunne medføre store svingingar i resultat frå kraftsalet frå år til år. Vurderinga er at dette samla skal gje kommunen betre resultat over tid. Men det kan enkelte år gje minimale overskot, til og med underskot på kraftsalet. For å redusere den økonomiske risikoen til kommunen, vart det vedteke at kommunen skal bygge opp eit kraftfond, og kun nytte ein fast sum av kraftsalet i drifta kvart år (frå og med 2023).

### Kraftforvaltning - resultat

Budsjettavvik: Kraftforvaltning er budsjettert inn i drifta i 2025 med 7,8 mill.kr (inkl. refusjon jf. avtale). Ev. nettoinntekter ut over dette skal bli sett på kraftfond. All krafta har vore seld i spotmarknaden i 2025. Foreløpige prognosar for 2025 viser eit betre resultat enn budsjettert. Nedanfor ser vi utviklinga i spotpris per august.



## Vurdering i forhold til kommunen sitt finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglement:

### Likviditet.

Delmål: *Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpande plikter.*

Arbeidskapitalen (omløpsmiddel fråtrekt kortsiktig gjeld) utgjer 99.674` per august. Av dette utgjer ubrukte lånemiddel 29.406` per 2024. Midla står på bankkonto, og skal nyttast til investeringar som var budsjetterte i 2024, men blir gjennomført i 2025. Akkumulert premieavvik inngår også i arbeidskapitalen, men den delen av dette som overstig premiefondet er ikkje reelle likvide midlar (20.655`). Likviditet til drift (likvide midlar minus ubrukte lånemiddel til investering minus premieavvik/premiefond) er ca. 50.000`. Vi vurderer at likviditeten er tilfredsstillande, kommunen har likviditet til å betale løpande plikter ved forfall, og kunne tole uføresette likviditetsmessige utfordringar av noko omfang.

### Finansiell risiko.

Delmål: *Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.*

Vi har svært låg risiko på plassering av likviditeten, ved at tilnærma alt står på bankinnskott. Også gjeldsplasseringa vurderer vi det er låg risiko knytt til.

### Avkastning på overskotslikviditet.

Delmål: *Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko.*

Kommunen vurderer å ha konkurransedyktige gode vilkår i bank. Rentene har vore høgare enn på lenge, etter renteauke siste par år, noko som medfører høgare renteinntekter på likvide midlar.

### Avkastning langsiktige aktiva.

Delmål: *Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ein god og langsiktig avkastning til akseptabel risiko.*

Det har ikkje vore vesentleg ledig driftslikviditet til langsiktig plassering. Vi har langsiktig strategisk utlån, der renta er langsiktig og vesentleg høgare enn marknadsrenta, og vi har og strategiske eigarpostar i

bl.a. Valdres Energi og i Innlandet Energi Holding. Vi vurderer å ha god avkastning på plasseringa. Vi kan ikkje sjå vesentleg risiko med dei langsiktige finansielle aktiva.

**Lågast mogleg totalkostnad for lån.**

*Delmål: Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.*

Kommunen har ikkje gjort nytt låneopptak i året. Tidlegare låneopptak er gjort etter konkurranse i marknaden. Vi vurderer å ha konkurransedyktig rente på låna.

Vi har flytande rente på låna, anten knytt til 3 mnd nibor, eller p.t. rente. Vurderinga vår er at det over tid gjev den lågaste renta, men vi blir meir eksponert for renteauke. Vurderinga har vore og er at vi har ei finansiell stilling med akseptabel risiko, og at det ikkje har vore tenleg å betale den "forsikringspremien" som ligg i å binde renta. Gjeldande rentenivå belastar kommunens økonomi ein god del, men er på eit nivå kommunen kan tole. Kostra for 2024 viser at kommunen si netto renteesponering i 2024 gjekk litt ned, til 20,3%, som var vesentleg lågare enn kostragruppe 04 og landet (46,2% / 53,7%).

**Kraftinntekter.**

*Delmål: Kommunen sine kraftrettar skal forvaltast på ein måte som sikrar ei balanse mellom føreseielege inntekter og høgast moglege inntekter.*

Gjeldande reglement er følgt. Kommunedirektøren vurderer at kraftforvaltninga har vore i tråd med vedtaka som er gjort for kraftforvaltning.

**Ikkje avvik i høve krav i finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglementet.**

Kommunedirektøren meiner det ikkje er avvik mellom krav i finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglementet og den faktiske forvaltninga.

## Forslag til budsjettendringar ved 2. tertial 2025

Budsjettendringar er foreslått i investering 2025 som følger:

Investeringsprosjekt	2025	2026
Tenestebilar heimetenesta	-76 646	0
Andelar i KLP	13 580	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	-870 833	0
Kjøp av tomt ved Beitostølen Stadion	1 900 000	0
Spelemiddel tilskot for symjebasseng ØSUS	-1 587 000	0
Ombygging bustad Bygdinvegen 2175(27/42)	-1 571 503	0
Nye energiløysingar kommunehuset(ØSUS	805 536	0
Betre nettverk kommunehuset	-37 842	0
Uteområdet ved ØSUS	-4 450 000	4 450 000
Overtak./oppgrad.Finntøppvn.og gang sykkelveg Beitestølvn Tjednba	-5 197 180	5 197 180
Furustrand friluftsområde	-2 958 454	2 958 454
Furustrand friluftsområde - tilskot	539 000	0
VVA Heranglie	5 250 000	0
VA Nordtorp Hegge stavkyrkje	490 000	0
VA Bygdinvegen Skolgaplassen - Mørstad	-7 090 065	5 165 065
VA Skistadion B. - Haugsynlie	154 000	0
VA Nordtoorp høgdebasseng	-6 985 558	6 985 558
VA oppgradering Ole vassverk	-989 777	989 777
VA Mellseenn vassverk (Kollstad)	200 000	-200 000
VA auka renskapasitet	-20 050 705	20 000 000
Mva-kompensasjon inntekt	2 367 588	-2 521 127
Bruk av lån	38 857 859	-42 144 612
Overføring frå drift til inv.- eigedomsskattefond - mottatte avdrag	871 000	0
Overføring frå drift til inv.- eigedomsskattefond - tomt ved Beitostøle	-1 900 000	0
Overføring frå drift til inv.- eigedomsskattefond - Furustrand friluftsor	2 317 000	-2 317 000
<b>SUM</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Budsjettendringar er foreslått i drift 2025 som følgjer:**

<b>Budsjettendringar drift ved 2.tertial 2025</b>		<b>2 025</b>
Auka kraftinntekter	kredit	- 12 000 000
Auka avsetjing til kraftfond	debet	12 000 000
Auka utgifter til leirskule	debet	540 000
Finansiering av leirskule med auka rammetilskot	kredit	- 540 000
Auka kostnadsramme til moglegheitsstudie helsehus sjukeheimen (prosj.13023 under Helse)	debet	170 000
Auka tilskotsinntekter prosjekt Klimaplan under Nærings plan og byggesak (prosj. 14570)	kredit	- 170 000
Overføring frå drift til inv. - ned - vedr. mottatte avdrag langsiktige utlån (e-skattefond)	kredit	- 871 000
Overføring frå drift til inv. - opp - vedr. tomt ved Beitostølen Stadion (e-skattefond)	debet	1 900 000
Overføring frå drift til inv. - ned - vedr. Furustrand friluftsområde (e-skattefond)	kredit	- 2 317 000
Auka avsetjing til eigedomsskattefond for mottatte avdrag langsiktig utlån BSL	debet	871 000
Auka bruk av eigedomsskattefond til tomt ved Beitostølen stadion	kredit	- 1 900 000
Redusert bruk av eigedomsskattefond til Furustrand friluftsområde, overfør til 2026	debet	2 317 000
Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele budsjett for lønnsvekst ut på tenesteområda tilsvarande resultatet av lønnsforhandlingane hausten 2025.		
Kommunedirektør - felles - lønnsvekst budsjett	kredit	- 4 259 000
Ulike tenester etter fordeling ut frå lønnsforhandlingar	debet	4 259 000